

Årsmelding for idrettslaget Føyk 2017



Laget har hatt desse tillitsvalde;

Styreleiar	Hildegunn Espe
Nestleiar	Bente Moe Svoldal
Kasserar	Kari Sekse
Skriver	Tale Hauso
Styremedlem	Ingrid Larssen Sekse Ann Kristin Espe Halvard Torget Eriksen
Varamedlem	Jorunn Sekse
Valnemnd	Brit Sexe Ulriksen Geir Guddal Anne Grete Midtbø
Revisor	Randi Fresvik Magnus Steigedal

I idrettsåret 2017 har vi hatt åtte styremøte. Hildegunn var ut med gåve i samband med opninga av Fjordahallen i Kinsarvik i starten av året. Det har og vore både samtalar og møte med representantar for grunneigarane om kartprosjektet (les meir om dette under).

Heradsstyrevedtak av 2016 gav vedtak at det skulle setjast saman ei samarbeidsgruppe av lag/organisasjonar og barnehagen/heradet som skulle sjå på arealet ute på Sekse. Bente har vore i fleire møte med denne gruppa våren 2017. Føyk ynskte å bidra til utvikling av områda rundt barnehagen, men å behalda grusbanen til aktivitetar slik den var. Saka vart teken opp i Heradsstyret 24.06.17. Konklusjonen var at grusbanen skulle bestå slik den var og at resten av uteområdet kunne utviklast etter barnehagen sine ynskje.

Medlemmer

Registrerte medlemmer 2017 (2016):

Medlemmer:

Vaksne: 105 (94)

Ungdom 13-19 år: 33 (27)

Born: 45 (47)

Totalt: 183 (168)

Sidan medlemstalet gjekk litt ned frå 2015 til 2016, er Føyk nøgd med at medlemstalet stig att. At medlemstala svinga litt kan dels skuldast overgang til det nye registrerings- og faktureringsystemet som er teke i bruk. Det har vore litt dobbeltbetalingar, og utfordringar med å få registrert medlemspengar som har blitt betalt i det nye systemet. Me håpar det vert betre no etter kvart som me lærer meir om systemet.

Økonomi

Økonomien til laget er god. Inntektene kjem hovudsakleg frå:

- Medlemspengar ca. 28.000 kr. (*Utfordringar knytt til nytt registrering- og betalingssystem*)
- Tippemidlar (Grasrotandelen): 16.628 kr
- Hjartebank: 100.000 kr
- LAM: 30.714 kr
- Kulturmidlar: 12.000 kr

I 2017 vart det laga nye drakter til IL Føyk

Sponsorar til nye drakter:

Sparebanken Vest: 15.000 kr

Contexo: 10.000 kr

Isklar AS: 10.000 kr

Thord Paulsen: ?

Samla inntekt i 2017 var på 244.845 kr.

Ein del av inntektene er knytt opp mot ulike prosjekt som t.d. kajakkar. Utgiftene på desse kjem i 2018. Utgiftene til nye drakter kjem og i 2018. Ein har og hatt utgifter på ca. 52.231 kr på kartprosjektet. I tillegg er det betalt 15.000 kr til Grannabryggjo.

Årsresultatet vart eit overskot på 148.899 kr

Viser til rekneskapen for utfyllande detaljar.

Treningstilbod i sesongen 2017

Me har eit variert treningstilbod for dei fleste aldersgruppene.

Barnehagetrening: Treningstid er måndagar frå 17.15 til 18.00. Jonny Kibsgaard har vore ansvarleg for denne kvar måndag. I gjennomsnitt 8 barn per trening. Treninga er organisert med hinderløype, turn og diverse leikar, men det er mykje frileik.

Les artikkel frå Hardanger Folkeblad om treninga her: <https://www.hardanger-folkeblad.no/idrett/sekse/ullensvang/trenarane-vare-er-veldig-pa-hogget-for-a-utvikla-seg/s/5-22-111290>



Til venstre: Heksetikken med Lucas Fjellheim Sandvold (5) og mamma Elisabeth Fjellheim. Terje Eriksen og Mariell U. Kibsgaard står bak. Til høgre, Vårinn Opedal Brattespe (2) Foto: Kristin Eide, Hardanger folkeblad

Idrettskule:

1-2 klasse: Treningstid: Måndagar kl. 18.00. Overordna ansvar haust: Bente Moe Svoldal. Veldig godt oppmøte med snitt på 10 born pr. trening. Dei har hatt ulike aktivitetar i gymsalen med ballspel, turn, friidrett og ulike leikar. Borna har vore med på klatring i Tyssohallen og hatt sykkeltraining på grusbanen. Det har vore kjekke treningar med positive born. Både klatring og sykling var aktivitetar borna likte godt. Skøytetrening i byrjinga av året var stor stas. Foreldre og ungdommar/eldre sysken har vore dyktige trenarar gjennom året. Det har vore hjelpetreinar med på alle treningane.



Klatring i Tyssohallen 1. og 2. klasse.

3.- 4. klasse:

Treningstid: Tysdagar kl. 18.00. Det har vore godt oppmøte med ca. 8 – 10 born på treningane. Borna har delteke på mange ulike aktivitetar og idrettar gjennom idrettsskulen. Det har vore gymsaltreningar med ballspel, sirkeltrening, turn, høgde/lengde og leik. På grusbanen har dei hatt friidrett, sykling og skøyter når det var skøyteis i vinter. Dei har vore på symjing i Odda, på skitrening på Korlevoll og klatring i Tyssohallen. I tillegg til foreldre som trenarar og hjelparar var Anita Meling Meland trenar i vår, det er me veldig glade for!



5.-7.klasse: Treningstid: Tysdagar kl. 19.00 til 20.00.

Det har vore veldig godt oppmøte, dei er flinke og engasjerte. Dei har hatt treningar i gymsalen med aktivitetar som volleyball, stikkball, fotball, koordinasjonsøvelsar og mykje meir. Dei har også hatt symjing i Odda folkebad, skitrening på Korlevoll og skytetrening på Hordatun.



13-19 år: Onsdagar frå kl. 18.00 til 19.30. Treinar: Hedda Tyssebotn.

Denne aldersgruppa er organiserte som idrettskule for ungdom, 13-19 år. Det har vore litt få med på ungdomstreninga, det ligg på 3-4 personar. Dei fleste har starta på vaksentreninga.

Sirkeltrening: Variert oppvarming og så sirkeltrening/styrketrening kor alle kan velje intensitet/vekt sjølv. Bodil Nakkerud har hatt hovudansvaret for treningane. Tale Hauso har tatt dei når Bodil har vore borte.

Ballspel damer: Me starta opp i løpet av året med ballspel etter innspel frå fleire. I byrjinga var det mest innebandy, men me har og spelt volleyball. Første halvår var det måndagar, men så bytta ein med sirkeltreninga og ballspel kom heller på tysdagar. Varierende oppmøte og mange datt av mot slutten av året.

Bodypump: Bodypump er ein time med styrketrening hovudsakeleg med vektstong. Trening kvar onsdag. Oppmøte varierer. Vanlegvis mellom 3-8 personar. Gro Tveit har vore sjukemeldt, difor har Tale Hauso og Kristin Holsen Børve veksla på å ha treningane.

Gubbatrim: Oppmøte varierer mellom 4-12 stykk. Det har berre vore to-tre stykk som er over 20 år, og der fleirtalet er ungdommar. Aktivitetar som innebandy, sirkeltrening og volleyball har vore det mest vanlege. Eit forslag kan vere å endre dag for å rekruttere fleire «gubber».

Treningstider:

For oppdatert treningsoversikt sjå Føyk side på facebook og www.indreaustsio.no/foyk

Liatraven 2017

Me har ikkje fått ned alle bøkene frå Liatraven 2017, men vi har rekna saman nokre av turmåla til årsmøtet. Men me kan allereie røpe at vi har ein Liatrav-vinnar med rekordhøg poengsum.

73 forskjellige personar har gått turen til Stegastein, med til saman 172 turar. Medan til Hovlandsstølen har 36 forskjellige personar tatt turen, med til saman 62 turar. Som nytt for året ynskjer me å kåra vinnaren av vaksenklassen og barneklassen på 17.mai, og at resultatet ikkje vert offentleggjort før denne dagen.

I fjor vann Per Strømmen med ny rekord på 1005 poeng, totalt 104 turar på lia. Arne Guddal vann barneklassen med 150 poeng. Totalt vart det funne 1464 innskrivingar i bøkene for 2016, 20 stykk gjennomførte Liatraven.

Føyk medlemmer får kopp til odel og eige. Me minner om at Føyk også fører statistikk over fleire år, sjå utfyllande info på «www.indreaustsio.no». Planen er å gjere stas på trufaste travarar ved oppnådde runde tal.

Kartprosjekt

Førre årsmøte la Geir Guddal fram eit flott prosjekt, som skulle stimulera til at fleire nytta utmarksområda våre til trim og trening. I prosjektet vart det sett opp merkeskilt som viste stiar, samt små kart som kunne seljast til medlemmene.

Prosjektet hadde fått tilskot frå Hordaland Fylkeskommune. Etter «lanseringa» av prosjektet, kom det motstand frå grunneigarlaga. Grunneigarlaga meinte prosjektet gjorde at ein kunne forventa ei auke av utanbygdarar i liene våre, noko som ikkje var ynskjeleg.

Geir og Hildegunn hadde fleire møter og samtalar med grunneigarane, der utfallet var at skilta vart verande, men at me venta med å selje kart og leggje ut GPS-spor. IL Føyk vedtok å ta initiativ til eit bygdemøte, der ein tok opp lov om ferdsel i utmark og distribusjon av hjelpemiddel som t.d. GPS-spor og lokale kart. Møtet er enno ikkje haldt, men vil verte arrangert i løpet av våren 2018. Saka skapte mykje negativ uro i krinsen.

Nye drakter

Sidan Føyk er eit sjølvstendig idrettslag, var det på tide å få laga ein eigen kolleksjon for å profilera laget. Kleda er frå Trimtex, og me fekk med oss Sparebanken Vest, Thord Paulsen AS, Contexo og Isklar som sponsorar. Styret arbeidde saman for å bli einige om design. Hildegunn var primus motor, og kontaktperson ovanfor Trimtex.

Sundag 29. oktober vart det arrangert prøvekveld i gymsalen på Sekse. I bestillinga i oktober, kunne me sponsa medlemmene med kr 300,- pr. bestilling. Kolleksjonen består av overtrekksjakke/bukse, t-skjorte, panneband og buff. Onsdag 3.januar vart det utdeling av klubbklede til dei som hadde bestilt. Tilbakemeldingane har vore gode.



Arrangement

Trimkarusell

Alle løpsdagar var på Sekse (barnehage). Det vart arrangert 30. mai der 29 personar møtte opp, så kom det 35 stykk den 6. juni og 11. juni med heile 36 personar. Siste løpsdagen vart det premieutdeling, sal av pølser, kaker, brus og kaffi. I år var premien nisteboks med drikkeflaske (frå Jernia) til alle som hadde deltatt 2 av 3 gonger. Flott oppmøte. Me vurderer å fordele løpa på dei ulike bygdene i krinsen til neste år. Dette etter innspel frå medlemmene. Avslutning bør vere på skuleplassen. Dei deltakarane som ikkje hadde fått vere med to gonger, fekk lov å sprinte to rundar siste dag for å få premie for å kvalifisere seg til premie.



Premieutdeling er stor stas og i alt vart det delt ut 45 premiar. Her kan det bli gjort endå meir i form av organisering og å vidareutvikle det ein gjorde i år, der Bente S. delte ut premiane medan Hallvard leste opp namn. Noko meir kvalitetssikring av deltakarlista bør bli gjennomført før utdeling. All drikke, mat og is, utanom kaker, var i år restar frå 17. mai som vart selt siste dag.

Kveldsmattur

Torsdag 28. september var det kveldsmattur til Hyggjer på Espe. Me vart 9 stk. som gjekk turen og koste oss. Dei vaksne snakka og mimra om familie og slekt. Borna leika og koste seg. Spesielt kjekt var det å klatre på den store steinen som er der oppe. Skumlare var det når dei skulle ned, men her var det fleire som trossa frykta og hoppa. Steinen er stor så det var knall tøft gjort!

Idrettsmerke

Det vart ikkje arrangerte idrettsmerketaking dette året. Det var få som var med i fjor, og me vil sjå på moglegheiter for å arrangere det på ein annan måte slik at fleire blir interesserte. Eit

forslag i fjor var å avslutta innetreningane til dei vaksne med idrettsmerketaking, men dette har ikkje blitt gjennomført. Sjå vilkåra for idrettsmerket på Føyk si nettsida: www.indreaustio.no/foyk

Skøyteis

Me fekk på plass skøyteis 9. januar 2018 som vart liggande i åtte dagar. Det var stor aktivitet av borna og ungdommane både på kveldane og i helgene. Me brukte og skøyter/ishockey som ein del av idrettsskulen. Det er utruleg kjekt for borna når isen er klar så tusen takk til alle som deltek og lagar isen til. Søndag 4. februar vart det igjen kulde, og det vart sett i gong med å lage skøyteis, som varte nokre dagar. Hausten 2017 var ikkje kald nok for å laga skøyteis.



Ski

På planen til idrettsskulen hadde me sett opp to treningar på Korlevoll saman med borna/ungdomane. På grunn av vind vart det berre ein tur. Det var ein kjekk kveld med skileik og tur i lysløypa. 19 born og 5 vaksne var med. Me arrangerte også ein familieskidag sundag 12. mars med tur til Seljestadstølen. Få påmelde, men tre familiar vart med.



Klubbkveld og bytekveld

Eit flott nytt arrangement i Grannatun. 22 vaksne og 15 born deltok. Kvelden starta med Kahoot (quiz), med veldig ivrige deltakarar. Hildegunn informerte om aktivitetane til Føyk og fekk innspel frå medlemmene om vidare arbeid. Etterpå kunne folk byte/kjøpe/selje brukt sportsutstyr og kle. Etter ein god runde med årsal, vart det trekning av flotte premiar. Me hadde sal av frukt, kaker og pizzabollar, samt saft og kaffi. Det vart ei kjekk samkome som me håpar kan verte ei årleg hending. Dette er ein flott arena for å samle medlemmer, og for å

få tilbakemeldingar på arbeidet som me legg ned. For å få fleire til å møta opp, kan det hende me arrangerer dette på ein sundag neste gong og litt tidlegare på dagen.

I tillegg bør me organisere bytinga litt betre neste gong. Det var mykje brukt utstyr for små barn, men få familiar med baby/små barn som møtte. Kanskje me kan informere småbarnsforeldre at dette er ein fin plass å få tak i utstyr.

Innebandyturnering

Tysdag 21. november klokka 20.00 inviterte IL Føyk til klubbmeisterskap i innebandy i gymsalen på Sekse. Ni personar deltok og me vart tre lag. Eit blanda lag, eit damelag og eit herrelag. Det var kjempekjekt! Vinnarlaget vart Arne Guddal, Torgeir Røystrand og Magne Kvalnes. Som premie fekk dei kvar sitt multiverktøy.



Diverse

Føyk fekk 84.000 kr i tilskot frå Sparebanken Vest sitt prosjekt hjartebank. Sidan Bente er tilsett i Sparebanken Vest, fekk ho moglegheit til å delta i deira interne jolekalender. Her laga ho ein video frå idrettslaget sitt, der ho la fram kvifor ho meinte at me skulle få midlar. Dette førte til at Føyk fekk ei gåve på 84.000,-! Me takkar Bente for kjempeflott innsats.

Me har tidlegare søkt om midlar til kjøp av utstyr i samband med eventuell padlesenter. Denne gåva kan vere eit godt supplement til dette prosjektet.

Føyk har vedteke at me kjøper ein båt plass på den nye Grannabryggjo. Føyk har god kontakt med styret i Grannabryggjo i samband med mogeleg framtidig satsing på eit padlesenter i tilknytning til anlegget.

Samarbeidet har fungert betre med ny styrar i barnehagen. Det har vore kjekt å samarbeida i lag.

Info

Føyk har e-post adressa fovkil@gmail.com. Denne sjekkar skrivaren i laget. Føyk finn du og på Facebook og på nettsida til Foyk: www.indreaustsio.no/foyk

Sekse 12. februar 2017

Skrivar IL Føyk
Tale Hauso